

# kultur

Telefon 70 08 44 00 • redaksjon@vestlandsnytt.no • vestlandsnytt.no

● Gursken-elevar barnebokbada lokal forfattar:

## – Mektig imponert

Tysdag 6. juni heldt 5. og 6. klasse ved Gursken oppvekstsenter bokbad, med lokal forfattar som gjest.

– Det var i grunnen litt tilfeldig at vi valde den boka, men den er perfekt å bruke til bokbad. Det er ei fin bok som fenger mange, og med viktige tema som gir rom for dialog.

Dette seier Britt Myrene frå Ulstein bibliotek, i etterkant av bokbadet.

### Borna leiar bokbada

Dei fire biblioteka i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid samarbeider om eit prosjekt kor dei arrangerer barnebokbad. Her tek dei utgangspunkt i ein metode utvikla av Vilde Kamfjord, som har ei pedagogisk tilnærming for samtale om litteratur, kor ein er uavhengig av leseferdigheitsgrad.

Prosjektet har sitt utspring i at Nasjonalbiblioteket inviterte folkebibliotek over heile landet til å søkje om støtte til aktiv formidling, som ein del av Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023.

Denne veka er det Sande og Hareid som arrangerer bokbad, til hausten vert det Ulstein og Herøy.

– Borna har lest boka, og det er dei som held bokbada. I framkant har heile klassa hatt tre samtalar med bibliotekar, kor klassene ilag kjem fram til eit sett med spørsmål som skal stillast til forfattaren, seier Tim Bock, bibliotekleiar for Sande bibliotek.

Og forfattaren som er gjest i dette prosjektet, er ingen ringare enn vår eigen journalist, Geir Egil Eiksund. Han gav ut boka «Kampen» i 2021. Historia handlar om Andreas på snart 12 år, som gjennom nokre vanskelege sommardagar er nøydd til å bli kjend med seg sjølv på nytt. Det er venskap, kjærleik og sjalusi. Den rører ved eit aktuelt og viktig tema, nemleg homofili.



Gursken oppvekstsenter heldt bokbad og journalist Geir Egil Eiksund kom for å svare på spørsmål om boka han gav ut i 2021, «Kampen». FOTO: MELISSA NERLAND PAULSEN



Nathalie Dyrhol, Nathaniel Nymoen Hauge og Bertine Vonheim var bokbad-ambassadørar på vegner av 5. og 6. klasse på Gursken oppvekstsenter. FOTO: MELISSA NERLAND PAULSEN

### – Ei bra oppleving

Tre elevar frå 5. og 6. klasse vart plukka ut til å vere bokbambassadørar frå Gursken oppvekstsenter. Nathalie Dyrhol, Nathaniel Nymoen Hauge og Bertine Vonheim. Det var desse tre som leia bokbadet, og stilte forfattaren alle spørsmåla.

– Kvifor likar Andreas fotball? Kvifor skreiv du om homofili? Kvifor flørtar onkel Jarle med alle jentene? Spørsmåla er mange, og både

elevane og forfattaren er godt førebudde. I løpet av ein skuletime fekk elevane stille over 50 spørsmål knytt til boka dei har lest.

– Det var kjempekjekt og veldig lærerikt å halde bokbad. Ei bra oppleving, seier Nathalie.

– Det var kjekt å få svar på alle spørsmåla vi hadde. Boka er veldig spanande, og eg anbefaler alle om å lese den! fortel Nathaniel.

– Det var veldig kjekt å få besøk av ein forfattar. Han må

kome tilbake når oppfylgjaren kjem, seier Bertine.

### Fekk fleire spørsmål han ikkje hadde fått før

– Eg er mektig imponert over kor reflekterte og kloke elevane er. Dei har ingen negative reaksjonar til temaet, og hadde mange gode innspel i framkant av bokbadet. Vi var spente, men det gjekk veldig bra. Elevane var rett og slett veldig flinke, seier Bente Elvebu frå Hareid folkebibliotek.

Også forfattaren var nøgd med bokbadet.

– Det er alltid kjekt å erfare kva lesarane har fått ut av å lese boka, kva detaljar dei har fått med seg og kva dei sit att med. Det var utruleg mange gode spørsmål, og fleire av dei har eg ikkje fått tidlegare.

MELISSA NERLAND PAULSEN  
melissa@vestlandsnytt.no